



Saksframlegg

Søknad frå Olav Kvipt om tilskot til bygging av spesialverkstad for bilrestaurering

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Næringsfondsstyret

Vedlegg i saka:

- Søknad om støtte til bygging av spesialverkstad for bilrestaurering
- Kostnadsoverslag

Bakgrunn for saka:

Olav Kvipt har overtatt Kvipt Gjestegard i Birtedalen, og flyttar dit i løpet av denne hausten. Garden er blitt ei merkevare, og godt kjent ut over Telemark sine grenser etter fleire program på TV, dronningbesøk, mm. I Fyresdal er dette spydspissen innan reiselivet.

Turistsesongen er lønsam, men hovudsesongen er avgrensa til perioden mai – oktober. Det er ikkje lagt opp til spesielle vinteraktivitetar som gjev grunnlag for heilårsdrift, og dette vil det og vere krevjande å bygge opp. Olav vil difor nytte seg av det han har kunnskap og erfaring med – restaurering og oppbygging av gamle bilar. Han har drive med dette ei tid, og har lært seg gamle, særeigne teknikkar og metodar. Noko av dette har han lært seg i USA. I 2015 fekk han andreplass i kåringa av noregs flottaste bil. Hittil har han, trass i ung alder, restaurert og bygd om 10 bilar, utan å ha eigen verkstad å jobbe i. Han vil nå bygge eigen verkstad til dette formålet på Kvipt, med profesjonelt utstyr. Slikt arbeid er tidkrevjande, og geografisk beliggenheit er difor ikkje avgjerande. Dette vil difor kunne kombinerast godt med turistsatsing i sommarsesongen, og til saman skape ein fulltids arbeidsplass for Olav. I søknaden er det sett opp ei kalkyle på nær kr. 400 000,- i totale kostnader inkl. mva., og han søker om 25 % tilskot, kr. 99 018,-

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 - 2019/måla i budsjettet for 2016:

- *Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.*

Det er positivt at yngre krefter får høve til å overta og vidareføre ei verksemd som Kvipt Gjestegard medan den er i god drift, og at Olav får høve til å skape seg ein arbeidsplass i Fyresdal når motivasjonen for å flytte heim er god. Gjestegarden er eit godt reiselivsprodukt, men har hovudinntektene sine knytt til sommarhalvåret. For å fylle ut dette, må ein ha tilleggsaktivitetar eller løna arbeid ved sidan – som i tillegg må passe inn i arbeidskraftbehovet på Kvipt. Ved å bruke kompetansen og interessa han har å restaurere og bygge opp att eldre bilar som vinterarbeid, får han eit supplement som gjer at han får ein fulltids arbeidsplass for seg sjølv, samt tilleggsysselsetting for andre i turistsesongen.

I reglane for bruk av næringsfondsmidlar som tilskot til etablering eller utvikling av arbeidsplassar, er det lagt stor vekt på sysselsetjingseffekt, kompetanse og gjennomføringsevne. Søknaden kan vurderast positivt opp mot dette, men med grunnlag i tidlegare praksis for bruk av næringsfondsmidlar skal ikkje laust produksjonsutstyr/driftslausøye vere med i tilskotsgrunnlaget. Om ein tar dette bort frå kostnadsoverslaget står ein att med ca. kr. 236 000,- i kostnader til fysisk bygg, måling, elektrisk arbeid, oppvarming, ljøs og arbeidsbenkar, samt snikkararbeid/eigeninnsats. Denne summen er utan mva.

Det er all grunn til å vere positiv til denne etableringa og satsinga, men disponible midlar i næringsfondet for 2016 er svært små. Fondet er nær bruka opp, men med kombinert bruk av resten av fondsmidlane og noko bruk av den administrative delen av næringsfondsmidlane, vil vi kunne gi eit tilskot på kr. 20 000,- som er opp mot ti % av godkjent grunnlag for kostnader utan mva.

Dette er langt under summen det er søkt om, men det vil likevel vere ei god økonomisk støtte og ein stimulans til satsinga han er i gang med. Etter denne løyvinga er det att kr. 6 499,- på næringsfondet.

Konklusjon:

Fyresdal kommune ser positivt på at Olav Kvipt i samband med overtakinga av Kvipt Gjestegard i Birtedalen satsar på å skape ein heilårs arbeidsplass ved å utnytte eigen kompetanse og interesse til å fylle opp vintersesongen med anna arbeid – i dette tilfelle gjennom å bygge ein verkstad for restaurering og oppbygging av gamle bilar. Kommunen har små midlar til disposisjon på næringsfondet, men vel å gi eit tilskot på kr. 20 000,-.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune ser positivt på at Olav Kvipt gjennom bygging av verkstad for restaurering og oppbygging av gamle bilar skaper ein fulltids arbeidsplass i samband med overtakinga av Kvipt Gjestegard, og løyver kr. 20 000,- i støtte til dette. Løyving frå kto. 1410 470 325. Tilskotet vert utbetalt etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondsmidlar.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Edvard Nesland
	næringssjef